

## **Bruk av PC til skriftleg eksamen i Kunnskapsløftet ved Haram vidaregåande skule**

1. Elevar kan bruke privat PC til skriftlege sentralgitte eller lokalgitte eksamenar dersom ikkje noko anna er avtala. Unntak er også sjølvstøtt alltid del 1 i todelt eksamen etter modell 2, der berre svært avgrensa hjelpemiddel er tillate.
2. Det er ikkje naudsynt å slette noko fagstoff på maskina.

Eg er kjent med at Nettkontroll avgrensar bruken av Internett ved eksamen. Det gjer at eg er stengt ute frå sider eg ikkje har lov å bruke.

Eg er kjent med at eg ikkje kan nytte meg av kommunikasjon med medelevar eller andre via mobiltelefon, smartklokke, bluetoothsamband eller liknande i eksamenstida.

Eg kjenner og til at eg ikkje kan ha installert omsettingsprogram på datamaskina når det er eksamen i norsk eller framandspråk.

Eg kjenner til at skulen kan nytte eiga programvare for å kontrollere om deler av besvarelsen kan vere henta frå kjelder på Internett, og at eg difor alltid må oppgi kjelde når eg nyttar stoff skrive av andre.

Brot på nokon av desse reglane vil kunne bli rekna som fusk, og det blir handsama etter § 3-34 i Forskrift til opplæringslova.

Konsekvens kan bli annullering av eksamen og sperrefrist på 1 år før du på nytt kan gå opp til eksamen i faget. Det kan også bli konsekvens i form av nedsett åtferdskarakter.



Eg har lese og forstått reglane for PC-bruk til eksamen på Haram vidaregåande skule.

.....  
Stad og dato

.....  
Eleven si underskrift